



VANG KOMMUNE

RÅDMANNSKONTORET

FINANSDEPARTEMENTET

29. SEP. 2004

Saksnr. 04, 1847 - 176
Arkivnr.

Finansdepartementet
Skattelovavdelingen
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Vang, 27.09.04

Dykkar ref:
04/1847 SL Id/rla

Sakshandsamar:
RAAL

Vår ref.:
04/00654-004

Arkivkode:
203 &20

SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING (NOU 2004: 12) HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VANG KOMMUNE

Ein viser til høyringsbrev frå Finansdepartementet dagsett 18.6.2004.

Kommunestyret behandla spørsmålet 24.9.2004, sak nr. 74/04, med følgjande vedtak:

Vang kommune går inn for å behalde skatteoppkrevjinga som ei kommunal oppgåve, med følgjande grunngjeving:

- Fleirtalet i skatteoppkrevjarutvalet "anser en statlig organisering av skatteoppkrevingen som mest naturlig, oppgavens innhold og karakter tatt i betraktning" (s. 77). At ei oppgåve ikkje har "særleg behov for lokal tilpasning eller lokal skjønnsutøvelse" (s. 84) kan likevel ikkje vera noko sjølvstendig argument for statleggjing. I så fall kan det argumenterast for statleggjing av ei lang rekkje kommunale oppgåver, med dei alvorlege konsekvensane det vil få for kommunalt sjølvstyre og levande lokaldemokrati.
- Auka økonomisk sjølvstyre er viktig for eit reelt kommunalt sjølvstyre. Dette vil bli vanskeleggjort ved statleggjing av skatteoppkrevjinga – med bortfall av innkrevjingskompetanse i kommunane.
- At skatteoppkrevjing blir gjennomført i same miljø som innkrevjing av kommunale avgifter, anna kommunal fakturering, eigedomsskatt m.v. er viktig for å halde oppe levedyktige fagmiljø. Dette er særleg viktig for mindre kommunar.
- Kommunal skatteoppkrevjing er viktig for rettstryggleiken; både ved at fastsetjing av skatten (likninga) skjer uavhengig av innkrevjinga, og gjennom folkevald innsyn og kontroll med den kommunale skatteoppkrevjinga.
- Den kommunale skatteoppkrevjinga kan vise til gode resultat, høg løysingsgrad og god brukarservice. God kontakt og kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar er grunnleggjande. Dette kan gjerne skje ved personleg frammøte (t.d. for utarbeiding av realistiske betalingsavtalar), noko som føreset lokal innkrevjing. I praksis gjev dette betre resultat (i tydinga innbetalte summar) enn rutineprega tvangstiltak. God lokalkunnskap er viktig for god skatteoppkrevjing og for å kunne avdekkje økonomisk kriminalitet.

Side 1 av 2

- Kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga har positive distriktspolitiske konsekvensar, med kort veg til viktige offentlege samarbeidspartnarar for lokalt næringsliv og publikum. Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil innebera sentralisering, med tap av arbeidsplassar og dårlegare tilgjenge utanom sentrale strok av landet.
- Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil føre med seg overgangskostnader; til etablering av nye skatteoppkrevjarkontor og pårekelege proveny tap.

Vang kommune har ikkje særskilde merknader til dei ikkje-organisatoriske tiltaka i utgreiinga, men legg til grunn at desse i all hovudsak kan gjennomførast også med kommunal skatteoppkrevjing.

Vang kommune beklagar at mandatet til skatteoppkrevjarutvalet stengde for at utgreiinga kunne omfatte overføring av statlege oppgåver til kommunane, noko som hindra vurdering av t.d. overføring av innkrevjing av meirverdiavgift til dei kommunale skatteoppkrevjarkontora.

Vedtaket var samrøystes.

Med helsing



Aslag Lajord

Økonomisjef

Dir. tlf: 61 36 85 35

E-mail: aslag.lajord@vang.kommune.no

Kopi til: NKK Oppland v/Jan Stavheim